

Energiunionen – Melding om 10 prosent mellomlandskablar

Brussel, 4. mars - EU-delegasjonen

Saksbehandlar: Marit Schweiker, seniorrådgjevar for energi

Bakgrunn

25. februar la Europakommisjonen fram «energiunion-pakka» med sin visjon og strategi for EUs framtidige energipolitikk.

Pakka består av tre meldingar:

1. [Strategimelding](#) om energiunionen
2. Melding om «vegen til Paris» - EUs klimapolitikk med fokus på den globale klimaavtalen ein ønskjer å inngå i Paris i desember
3. Melding om EUs mål om fleire mellomlandskablar for å realisere ein felles kraftmarknad, som denne rapporten handlar om

Kommisjonen har vald å fremje meldingar eller politikkpapir som ikkje er juridisk bindande lovforslag, men skisserar politikken på området. Eit vedlegg til den første meldinga, «Roadmap», er ei liste over dei 43 konkrete forslag, mange av dei i form av direktiv eller forordning som Kommisjonen vil leggje frem i denne perioden til 2019.

Kommisjonen legg både i denne meldinga og i heile Energiunionspakka vekt på å vise at dette ikkje «berre» er klima- og miljøtiltak, men at det ligg stort økonomisk potensiale i realiseringa av energiunionen.

Denne rapporten omtalar den tredje meldinga i pakka: «[Achieving the 10 percent electricity interconnection target – Making Europe's electricity grid fit for 2020.](#)» Meldinga er i følge Kommisjonen «one concret step» for å realisere «a resilient Energy Union with a forward looking climate policy.»

Kommisjonen legg vekt på at utanlandssamband fremjer alle tre hovudmål av EUs energipolitikk, «affordable, secure and sustainable energy»:

- forsyningssikkerheit: el-systemet vert sikrare, EUs importbehov mindre.
- konkurranseevne: betre mellomlandssamband fører til meir konkurranse, ein større marknad, større effektivitet og meir kostnadseffektiv ressursbruk og dermed til lågare energiprisar. Det er mindre behov for investering i spisslast-kapasitet og lagringskapasitet. Systemoperasjonskostnadar går ned med auka utveksling av systembalansetenester.
- berekraft og avkarbonisering av energimiksen: nettet har større evne til å integrere meir fornybar energi og dermed går CO2-utsleppa ned.

Utan infrastruktur ingen fellesmarknad: «For these reasons, the interconnection of the electricity markets must be a political priority for the European Union at all levels in the years to come.»

10 prosent-målet innan rekkjevidde

Men det er framleis «missing interconnection links between several countries».

EU satt seg som mål i 2002 at kvart land skal ha utanlandskablar med kapasitet tilsvarande 10 prosent av landets installert produksjonskapasitet. Det Europeiske Rådsmøte i oktober 2014 (som vedtok 2030-pakka med energi- og klimamåla) minna om dette målet og kravde rask implementering av alle naudsynte tiltak. Kommisjonen melding er ei oppfølginga av Det Europeiske Råds si bestilling: «a strategy to ensure full integration of the internal electricity market through adequate levels of interconnection, which will serve also an integral part of the Energy Union.»

Meldinga lister opp dei 12 medlemslanda som ikkje har nådd målet på 10 prosent interconnection: Irland, UK, Italia, Romania, Portugal, Spania, dei tre baltiske, Polen, Kypros og Malta.

Med implementering av Projects of Common Interests (PCIs) som hovedverktøy skal EU nå 10 prosent-målet. PCIs er prioriterte felleseuropeiske infrastrukturprosjekt. Konseptet vart innført med infrastrukturforordninga (TEN-E) i 2013. På den første PCI-lista som Kommisjonen vedtok hausten 2013 er 248 prosjekt, derav 52 mellomlandskablar. I vedlegget til meldinga er dei 37 av kabelprosjekt som involverer dei 12 medlemslanda med mindre enn 10 prosent interconnection opplista. Englandskabelen frå Noreg er ein av dei. PCI-lista vert oppdatert annakvart år og Kommisjonen vil vedta den nye lista til hausten. Der vil prosjekt som bidreg signifikant til å auke mellomlandskablar til dei 12 «energiøyer» få prioritet.

Viss alle prosjekt på PCI-lista vert implementerte innan 2020 er 10 prosent-målet i rekkjevidde, men spesielt Spania og Kypros treng fleire kablar.

Tiltak

Tiltaka Kommisjonen føreslår i meldinga for å nå 10 prosent-målet omfattar tre område: den regulatoriske ramma, finansieringa og regionalt samarbeid:

1. den regulatoriske ramma

Meldinga slår fast at «a solid regulatory framework is a prerequisite for the necessary infrastructure investments.» Denne er i EU stort sett på plass, det dreier seg mest om implementeringa. [TEN-E forordninga](#) står sentralt. Eit viktig framsteg er at løyveprosedyren vert korta ned frå i gjennomsnitt meir enn 10 år til maksimalt 3,5 år. Her er det medlemslanda sitt ansvar å fullstendig implementere forordninga, mens Kommisjonen vil følgje opp at så skjer og «intensify its support for the critical projects through targeted measures» og «assess project by project to look at any obstacles and risks that might delay construction and take actions as necessary.»

2. finansielle instrument

Kommisjonen estimerar at det er behov for investeringar på 105 milliardar euro innan 2020 for el-prosjekt, derav 35 milliardar for interconnectors som er på PCI-lista og er naudsynte for å nå 10 prosent-målet. EU-finansieringsinstrument som kan bli brukt er Connecting Europe Facility (CEF)-midlar, strukturfonds (European Structural and Investment Funds, ESIF) og den nye European Fund for Strategic Investment (EFSI, frå «Juncker-investeringspakka» lagd fram i januar). Kommisjonen vil bl.a. gjere det enklare for prosjektaktørane å finne dei passande finansieringsverktøy og for investorane å finne det passende prosjekt.

3. styrka regionalt samarbeid

Under TEN-E har fire regionale grupper («TEN-E Regional Groups») ansvar for å føreslå PCI-lista for sin region og følgje opp (følgje implementeringa og rapportere vanskar og føreslå korrigeringar

tiltak). Dei fire grupper er Northern Seas Offshore Grid (NSOG), Baltic Energy Market Interconnection Plan (BEMIP), North-South interconnections in West-Europe og North-South interconnections in Central Eastern and South Eastern Europe.

Kommisjonen føreslår i meldinga å styrkje regionalt samarbeid ytterlegare og bringe det «to a higher level to tackle broader policy priorities that go beyond project specific issues of planning and implementation.» Dette er i tråd med den generelle vektlegginga av ei regional tilnærming som steg til ytterlegare sentralisering som vi ser i Energiunionspakka (sjå også forslaget for eit [Energy Infrastructure Forum](#) nedafor). Kommisjonen går gjennom dei fire TEN-E Regional Groups og føreslår spesifikke område for styrka samarbeid for kvar av dei. Dei to relevante gruppene er BEMIP og NSOG der Noreg er observatør.

[BEMIP](#) vil vere «well interconnected» kva gjeld både el og gass i 2020. Men blant utfordringane som står att er spesielt synkroniseringa av det baltiske med det kontinentaleuropeiske straumnett, integrering av fornybar energi og tiltak for energieffektivisering. Prosessen med evalueringa av samarbeidet vil munne ut i «the planned signature of a new MoU under the Latvian EU Presidency».

NSOG slit med manglande tilknytning av produksjonskapasiteten til nettet. Det gjeld særleg offshore vind. Regionen har eit unik potensiale «to supply a substantial amount of low-carbon, indigenous energy, produced close to some of the most energy intensive regions of Europe...The area also offers good possibilities for the development of innovative technologies such as Carbon Capture and Storage, energy storage or power-to-gas.» Kommisjonen vil støtte NSOG og fremje arbeidet og utviklinga av ein handlingsplan.

Ein slik handlingsplan skal alle fire grupper lage: Han skal ha konkrete forslag for implementering av den regionale strategien med dei viktigaste saker og tiltak. Kommisjonen vil overvake implementeringa av desse handlingsplanane og viss mogleg sørge for kopling mellom dei fire gruppene sitt arbeid.

Men også ENTSO-E (som lager nettutviklingsplanar over 10 år, TYNDP) har ei viktig rolle. Kommisjonen vil sørge for at ENTSO «widens its scope and clearly identifies projects to achieve the 10 percent interconnection target.» Eit prosjekt må nemleg stå i TYNDP for i det heile å kunne kvalifisere seg som PCI-kandidat.

Vegen vidare

Kommisjonen vil følgje opp ved å rapportere kvart år til Det Europeiske Råd «on the implementation of PCIs and on the progress to reach 10 percent». Dette vil vere eit viktig element i «the comprehensive annual stocktaking foreseen in the Strategic Framework for the Energy Union».

Seint i 2015 vil Kommisjonen opprette eit nytt «Energy Infrastructure Forum to discuss and find solutions to issues that are common to all regions across Europe, and where relevant, neighbouring countries.»

I energisikkerheitsmeldinga i mai 2014 føreslo Kommisjonen å auke interconnection target til 15 prosent for 2030. Meir variable fornybar energi krev meir enn 10 prosent interconnections og «all efforts by the EU and member states must be guided by the need to reach at least 15 percent by 2030», men på ein fleksibel måte «taking into account the cost aspects and the potential of commercial exchanges in the relevant regions.» Kommisjonen vil ta omsyn til forskjell mellom medlemslanda kva gjeld geografisk plassering, strukturen av energimiksen og forsyninga. Derfor er

det behov for «a case-by-case approach based on a thorough assessment of the bottlenecks, taking into account the costs».

Det Europeisk Råd i oktober 2014 bad Kommisjonen å rapportere regelmessig om status for 15 prosent-målet som i hovudsak skal bli nådd gjennom implementering av PCIs. For 2016 varslar Kommisjonen ei melding om «the progress towards the completion of the list of the most vital energy infrastructures and on the necessary measures to reach the 15 percent electricity interconnection target for 2030.» Dette er eit av 43 tiltak i Roadmap for the Energy Union som er eit vedlegg til strategimeldinga i energiunionspakka. «Effective implementatino of the 10 percent electricity interconnection target» i tidsrommet 2015-20, den andre PCI lista (2015) og opprettinga av Energy Infrastructure Forum er andre.

I melding legg Kommisjonen frem status og grep dei sjølv vil ta, men i avslutninga spel ho ballen over til medlemslanda: «The regulatory and financial framework that has recently been put into place is showing first results. What is needed now is political determination by the Member States and all other actors to meet the objectives.» Her tenkjer Kommisjonen særleg på auka samarbeid av TEN-E Regional Groups.

Eit anna punkt er styringsstrukturen for energiunionen som også gjeld infrastruktur. Her vedtok Det Europeiske Råd i oktober «a reliable and transparent governance system without any unnecessary administrative burden» som inkluderer «streamlining current reporting requirements». Dette styringssystemet vil Kommisjonen føreslå seinare i 2015.

På TTE-møtet 5. mars skal energiministrane diskutere energiinfrastrukturen. Som bidrag i «policy debate on the developments and priorities for energy infrastructure» skal Kommisjonen presentere si melding. Det latviske formannskapet skriv i sakspapiret til møtet: «The outcome of the debate will feed into the Presidency's synthesis report on Europe 2020 strategy as the Annual Growth Survey stressed inter alia the need to modernise and extend energy infrastructure.» [Europe 2020-strategien](#) er EUs strategi for økonomiske vekst for inneverande tiåret. Klima og energi er eit av fem målområde.

Lenkjer:

[Nettside](#) om energiunionen med lenkjer til alle element i pakka inkludert vedlegg og pressemateriale

[Faktaark](#) om interconnections

Sjølve [meldinga](#) og vedlegg ([Annex](#))